

Ordførar i Meland kommune
Meland Formannskap
Rådmann i Meland kommune

Frekhaug, 11.juni 2015

Søknad om utbetaling av midlar til Leirdalen barnehage ut over det tilmalte minimumstilskotet for 2015, som løyvd i vedtak frå kommunestyremøte 161214.

Vi viser til kommunikasjonsmøte mellom politikarar, administrasjon og barnehagar i Meland kommune fredag 050615. Der kom det fram at administrasjonen etter 6 månader framleis ikkje har utarbeidd ein fordelingsnøkkel, eller gjort noko forsøk på å innfri vedtak frå kommunestyret av 161214, om tildeling av ekstraløyving på 5 millionar til dei private barnehagane. Dette til trass for at dei private barnehagane og politikarane har kome med konkrete innspel i høve til at fordelinga skal komma alle barnehagane til gode, delt ut i frå barnetal i den enkelte barnehage. (viser til blant anna referat frå møte i kommunikasjonsgruppa 160315.)

Leirdalen barnehage vil med dette søke om kr 362 155,- for å kunne oppretthalde ordinær forsvarleg drift i 2015.

Som det kom fram i møtet 050615, er dette for å kunne:

- Kunne ta inn vikarar og sted- fortredar frå første dag ved sjukdom.
- Kunne ta tak i naudsynt vedlikehald.
- Kunne ta inn lærlingar.
- Kunne drive med generell kompetanseheving utover førstehjelpskurs, og delta i prosjektutvikling som tar tak i dagens problemstillingar rundt barns oppvekst..
- Heve kompetansen, ved å kunne tilsetje og lønne faglærd kompetanse.
- Kunne drive med senior politikk samt opplæring av ny- tilsette, i staden for å drive med dag til dag “brannslukking”.

Vedlagt er prognose-budsjett for 2015. Grunna manglande dokumentasjon rundt driftstilskot 2015, har ikkje vårt styre vedtatt eit konkret budsjett.

Rekneskap for 2014 som kriterie for fordeling av dei 5 millionane, var diskutert i kommunikasjonsmøtet 050615. Konklusjon: rekneskap for 2014 er ikkje relevant i høve til 2015. Det er budsjett for 2015 basert på rekneskap 2013 som er grunnlagsdokument i denne saka. Rekneskap for 2014 blir for dei som er organisert som AS tilgjengelig på Brønnøysund sine sider etter 300615.

I høve til kommunens referanse til forvaltningsloven og prinsipp om at dei ikkje kan likebehandla dei ikkje-kommunale barnehagane; Dei private barnehagane er ulike, det handlar ikkje om likebehandling av barnehagane. Det handlar om at dei minste barna som **alle** høyrer til Meland kommune skal ha eit likt utgangspunkt uansett kva barnehage dei går i. Vedlagt er rekneark der fordelinga av dei 5 millionane er vist i høve til barnetal, vekta etter alder, basert på barnetal per barnehage frå 151214.

Vårt håp er no at denne saka kan bli avklart, og at vi ikkje kjem i denne eller liknande situasjon i høve til kommunens barnehageteneste igjen.

Med helsing

Leirdalen barnehage

Daglig Leder
Beate Jacobsen